



Fana gymnas v/ avdelingsleiar Lisbeth Norendal og rektor Randi Wennemo
pb 414 Nestun 5853 BERGEN

Kongsbakken videregående skole v/ avdelingsleiar Odd Gaare og rektor Kjell Olav
Mentzoni
Postboks 355, 9254 Tromsø

Dato
11.03.2011

Evaluerings av forsøk med ein karakter i norsk

Vi viser til e-brev dagsett 10.01.2011 og 08.02.2011 med førespurnad om å evaluere eit forsøk med bruk av éin karakter i norsk ved Fana gymnas og Kongsbakken videregående skole.

Vi har vurdert dei vedlagde dokumenta som de har sendt oss: godkjenningbrev frå Utdanningsdirektoratet, kortfatta prosjektplanar og prosjektunderlagstekstar.

På dette grunnlaget har vi så kome fram til at vi må takke nei til å delta i eit samarbeid med dykk om det aktuelle forsøket. Grunngevinga vår er som følgjande:

1. Metodisk og ressursmessig

Målet for prosjektet er i følgje prosjektplanen tredelt: a) “å få til eit betre samsvar mellom læreplan og karakterkategoriane enn det som er mogleg i dag, b) “prøve ut om meir fordjupning om færre vurderingssituasjonar fører til meir læring og betre motivasjon hos elevane”, c) “å få arbeidsmengda i norskfaget meir i samsvar med arbeidsmengda i andre fag, både for elevar og lærarar”.

Det første målet – korleis få betre samsvar mellom læreplan og karakterkategoriar – er basert på ein underliggjande premiss om at dagens karakterregime ikkje er kompatibelt med kompetansemåla i læreplanen. Både hovudmåls- og sidemålskarakteren tek opp i seg breitt samansette kompetansemål, og dermed attspeglar dei ikkje kompetansemålstrukturen i læreplanen. Det som Fana gymnas og Kongsbakken vgs. så ønskjer, er at alle kompetansemål vert vurderte samla, i høve til éin karakter. Dermed heng det første målet i prosjektet nært saman med det andre målet, nemleg at ein gjennom bruk av éin karakter (ikkje tre karakterar) får færre vurderingssituasjonar og dermed frigitt tid til som kan føre til auka læring og motivasjon hos elevane.

Vår oppgåve vil så vere å evaluere effekten av det å operere med éin norskkarakter i høve til dei tre måla for prosjektet. Det er ei utfordrande oppgåva. Effektgranskingar er generelt vanskelege å få til, og her tek ein sikte på å måle to såpass samansette spørsmål som læringseffekt og motivasjon. Særleg kompliserande er det at forsøket i dette tilfellet alt har vore i gang ei god stund. Det er heller ikkje lagt opp til kontrollgrupper som ein kan vurdere

forsøket synkront med. Heller ikkje er det dokumentasjon på korleis situasjonen var tidlegare for dei aktuelle gruppene. Dermed er det vanskeleg å seie så mykje om prosessen. Det er mogleg at Fana gymnas og Kongsbakken vgs. har ein viss dokumentasjon tilgjengeleg. Vi har bl.a. notert i *Norsklæraren* 1/2011 at ein viser til ei utspørjing av elevane ved Fana gymnas ved starten av skuleåret, og at den utspørjinga viste at dei som hadde hatt ordninga på vg1, var positive og ønskte å halde fram med ein karakter i norsk. Vi kan likevel ikkje ta stilling til noko som ikkje er dokumentert; i tillegg heftar det metodiske problem ved verdien av sjølv-rapporteringar.

Ei løysing kunne eventuelt ha vore bruk av kasusstudium og djupintervju med lærarar og elevar. Manglane som alt heftar ved gjennomføringa av prosjektet, gjer likevel at ein vil få ein avgrensa lærdom av prosjektet. I tillegg vil det vere kostnader knytte til gjennomføringa, og det står ikkje i stil med oppdragsgivaren sine ønske.

Det tredje målet i prosjektet går ut på at ein samla sett skal få mindre arbeidsmengd for elevar og lærarar i norskfaget generelt. Vi kan her ikkje sjå ønskemål om fagleg og pedagogisk kvalitetsheving, og har problem med å sjå relevansen av ein slik målsetnad i det som skal vere eit fagleg utviklingsprosjekt. Men dersom ein har som mål at norskfaget ikkje skal stå i ei særstilling i høve til andre fag, må ein likevel ha eit samanlikningsgrunnlag som er relevant. Ein må velje ut eitt eller fleire fag som ein vil jamføre arbeidsmengda med. Det mest nærliggjande faget i så måte, vil truleg vere engelsk; då måtte ein ha gjort ei jamførande gransking av tilhøvet mellom arbeidsmengd, læring og motivasjon i norsk og engelsk. Det vil igjen krevje ressursar - og at ein i praksis byrjar prosjektet på nytt igjen no. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for det, og dermed ser vi det heller ikkje som mogleg å gå inn på dette spørsmålet.

2. Det forskingsetiske aspektet

Dei faktorane som vi nemner ovanfor, gjer at vi ikkje ser det som mogleg å gjennomføre ei fagleg forsvarleg evaluering av forsøket.

Vi har vidare merka oss at dei som står bak prosjektet, ser ut til å ha ei klar formeining om at prosjektet er vellukka, bl.a. gjennom kronikk i *Bergens Tidende* (17.2.2011) og innlegg i *Norsklæraren* 1/2011. Her ligg det tydelegvis eit forventingspress om kva som bør vere konklusjonen, og førespurnaden om ein kortfatta rapport med bruk av få ressursar, understrekar nettopp det presset. Dette er eit alvorleg ankepunkt imot å gå inn i prosjektet, særleg når ein tenkjer på den språkpolitiske rolla som er knytt til sidemålsskarakteren (jf. nedanfor).

Eit anna forskingsetisk problem er at vi så langt uti prosjektet ikkje har høve til å vere med på å formulere dei interessante forskingsspørsmåla sjølve. Vi får heller ikkje i nemneverdig grad høve til å påverke gjennomføringa av prosjektet.

Som alt nemnt, er der sider ved prosjektet som vi har vanskar med å sjå den faglege og pedagogiske utviklingsverdien av, og det gjeld spørsmålet om mindre arbeidsmengd generelt i norskfaget. Vi ser at Utdanningsforbundet ved Brita Bøyum har engasjert seg i dette spørsmålet (jf. *Norsklæraren* 1/2011). Skal vi så gå inn her, må så arbeidstidsinteressene til norsklærarane vegast opp imot meir overordna skulepolitiske vurderingar av norskfaget si allmenne rolle. Det er her tale om eit omfattande problemfelt der vi må vurdere kva som vil verte vår rolle som fagfolk.

3. Sidemålsskarakteren og språkpolitikken

Det er poengtert av prosjektdeltakarane at ein ikkje legg opp til ei svekking av sidemålsoplæringa (som her tyder nynorskopplæring). Vi ser ingen grunn til å tru noko anna, og går ut ifrå at intensjonane er dei beste.

Samtidig er sidemålsskarakteren si rolle i norsk språkpolitikk samansett, og eit argument frå målrørsla har heile tida vore at ein eigen sidemålsskarakter er viktig for jamstillinga mellom nynorsk og bokmål. Å fjerne sidemålsskarakteren har difor fleire ideologiske og

politiske sider ved seg. Desse sidene går vidare enn spørsmål om arbeidsmengda til norsklærarar. Vi ser jo at prosjektet alt i dag (gjennom prosjektdeltakarane) spelar ei rolle i diskusjonen om ein skal fjerne ein eigen sidemålskarakter. Det gjer det viktig at ein tenkjer over og kan kunne stå inne for dei metodiske og forskningsetiske aspekta ved forsøket. Vi ser det slik at vi i dette prosjektet ikkje vil ha kontroll over måten våre evalueringar vil verte brukte på.

Samla vurdering

Vi er i utgangspunktet positivt innstilte til å delta i prosjekt for å forbetre norskfaget. I dette tilfellet ser vi oss derimot ikkje i stand til å kome i møte førespurnaden om samarbeid, og vi viser til argumentasjonen ovanfor.

Beste helsing

Endre Brunstad

Førsteamanuensis i nordisk fagdidaktikk

Heming Gujord

Førsteamanuensis i nordisk fagdidaktikk

Vedlegg (vedlegg)

kopi til: Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen,
Opplæringsavdelinga, Hordaland fylkeskommune